



NILS GUNVALDJORD
HØNERVEGEN 4

3840 SELJORD

Delegert sak nr. 299/25

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
KJELL.CHRI	2025/2432	31900/2025	K01	09.12.2025

86/19 - Svar på snøskuterløyve til hytter som ligg meir enn 2,5 km frå veg § 5, c

Vedlegg: Løyve

Dokument i saka:

- Søknad m/vedlegg
- Kartutsnitt
- *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)*
- *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*
- *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova* - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119

Bakgrunn:

NILS GUNVALDJORD har søkt om **hytteløyve sone 1** til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte. Søkjar ynskjer å nytte seg av trasé frå **Stokketjønn parkering** til hytta på **86/19 – Løypekjerrdalen 86**.

Kommunens vedtekne retningslinjer av 15.12.2016 deler hytteløyve inn i to soner. Sone 1 gjeld for hytter som ligg under 1040 moh.

Vurdering:

Hytta på **86/19 – Løypekjerrdalen 86** ligg meir enn 2,5 km frå brøyta veg i sone 1 og det kan difor gjevast løve til transport av bagasje og utstyr i medhald av §5 bokstav c i *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag* og kommunens *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova*, vedteke i kommunestyret 15.12.2016.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldslovas §§ 8 – 12. Ferdsel blir vurdert til å ikkje forringe eller truge artsmangfaldet eller spesielle naturtyper i området. Me oppmodar likevel



Vinje kommune

Næringskontoret

til å redusere ferdsel til eit minimum og at all transport skal skje så skånsamt som mogleg med omsyn til plante- dyre- og fugleliv.

Eigedomen ligg innanfor XXXX villreinområde, og det skal takast omsyn til villreinen.

Villreinen er på det mest sårbare om våren og det er ein føresetnad at ferdsel ikkje skremmer villreinen i denne perioden. Søknaden er vurdert slik at skadeverknadene ikkje er større enn at dei kan forsvarast av nytten av transporten.

Einingsleiar sitt vedtak:

NILS GUNVALDJORD sin søknad om løyve til transport av bagasje og utstyr med snøskuter mellom bilveg og hytte blir innvilga. Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektningar i rett line kan og nytte løyvet.

Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekne i *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova* – vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119.

Løyvet gjeld for fire år om gongen frå 09.12.2025. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Løyvet gjeld for éin snøskuter.

Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll.

Transporten skal nytte traseen frå **Stokketjønn parkering** til hytta på **86/19 – Løypekjerrdalen 86** vist i kartet som fylgjer løyvet.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.

Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

I tråd med formannskapsvedtak 04.09.2025, skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 315,- for kostnader knytt til utskriving av løyvet.

Faktura blir ettersendt.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker, jf. forvaltningslovas §§ 28 og 29. Kлага skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Christenson
konsulent



Hytteløyve sone 1

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav c

LØYVE TIL SNØSKUTERTRANSPORT AV UTSTYR OG BAGASJE FRÅ BILVEG TIL HYTTE

Løyvet gjeld for:

NILS GUNVALDJORD, HØNERVEGEN 4, 3840 SELJORD

Trasé som skal nyttast er **Stokketjønn parkering** til hytta **86/19 – Løypekjerrdalen 86** som er innteikna i kartet.


Løyvet gjeld i fire år frå 09.12.2025.

Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg. Løyvet gjeld for hytta og blir utskrive til eigar eller leigetakar, men ektefelle/sambuar og slektningar i rett line kan og nytte løyvet.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for éin snøskuter
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll
- Transporten skal nytte traseen vist i kartet nedanfor
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv
- Ved henting av vatn skal kortaste veg frå hytta nyttast





Vinje kommune
Næringskontoret

